



Landbruks- og matdepartementet  
Postboks 8007 Dep  
0030 Oslo

Dykkar ref.:

Vår ref. (oppgjje ved svar):  
**2013/5514 ART-BI-DM**  
Arkivkode:  
**008**

Dato:  
**29.05.2013**

## Høyring - Forskrift om tilskot til drenering av jordbruksjord

Direktoratet for naturforvaltning har motteke forslag til forskrift om tilskot til drenering av jordbruksjord til høyring. Vi ønskjer å melde tilbake nokre overordna kommentarar til forskriftsforslaget.

Direktoratet for naturforvaltning har eit overordna ansvar for forvaltninga av naturmangfaldet i Norge, under dette også naturmangfaldsverdiar i kulturlandskapet. Vi vurderer det slik at forskrift om tilskot til drenering av jordbruksjord slik den er utforma i forslaget, i hovudsak ikkje vil røre dei mest verdifulle areala for naturmangfald. Forskrifta sitt krav til grøfteplan med kart, Miljøplan trinn 2 og vidare vilkår under §3, verkar etter vår vurdering positivt til å sikre naudsynt kunnskap om og omsyn til naturverdiar i samband med tiltak.

På generelt grunnlag minner vi om § 6 i naturmangfaldlova, om den generelle plikta til aktsemd, som pålegg alle sektorar og tiltakshavarar å opptre aktsamt og gjere det som er rimeleg for å unngå skade på naturmangfaldet i strid med måla i §§ 4 og 5 i lova. Direktoratet for naturforvaltning føreset at sektormyndigheit legg vekt på denne, og at kommunane legg til grunn prinsippa for offentlege avgjerder nedfelt i naturmangfaldlova (§8-12) når dei skal handsame saker innafor tilskotsordninga.

Med helsing

**Direktoratet for naturforvaltning**

*Dette dokumentet er elektronisk godkjend og har derfor ingen signatur*

Gunn Paulsen e.f.  
seksjonssjef

Dordi Kjersti Mogstad